Her er eit brev frå far min, Johan Bernt Ulla, til tanta mi Janna Åkre 24.11.1943. Johan var i utdanning på Veterinærhøgskulen i Oslo denne vanskelege tida under krigen. Dette førte til at utdanninga først vart fullført i 1947. Småtausa som han nemner i brevet, er Herbjørg Åkre som vart fødd på Ulla. Janna og Jørgen flytta til Åkreskaret i eige hus først i 1952.



Oslo 24/11.-43.

Kjære dykk!

Ja, eg får takka så mykje for pakken, eller rettare sagt pakkane. Far spør om den forrige pakken er framkomen, og det er han altså, og er sett til livs også. Ja, det er gildt å få pakke heimanfrå, og då serleg i tider som desse. Elles så er eg no ikkje heilt avmagra enno, men kor det skulde ha sett ut om eg skulle leva berre på mine eigne kort, det skynar eg ikkje. Det måtte bli svelteihel på kort tid.

Det er ruskevêr deroppe, skriv far. Og blautt og ufyse er det her også no, men når ein har sitt faste arbeid innandørs, så merkar ein i grunnen lite til det. Det er så mykje å gjera og så mykje å pløgja i gjennom, at tida vert altfor kort.

Det er bra det er jol snart. Det skal
bli hardt å prøsti på litt. Vonar
det ikkje må bli nokko ugreide
med å få reiseløyve. - Og, må tausa
veks og trivst bra, høyrer eg. Ho anar
nok lite om krig og usemje enno
ho. I forrige krig var det me som
såg dagsens ljos. Lenger tidbolk
kan ikkje menneskeslekta halda seg
i ro.

Her i byen er det lite nytt, var
ofte flyalarm i forige veke, seinare
har det vore roleg. Forige sundag var
eg ute hjå Britt & Røsvik. Frua er
alltid hugsa på ullanytt, og eg veit
som regel mykje for lite.

Eg har rikeleg med brødkort før jol.
Det er då berre 3 veker att, så er
eg heime. Ja, lev vel då og hels
alle i Mette og Ingeleiv.

Helsing Johan.